

# Program for Kvinnherad SV 23-27

## Aukande skilnadar

Kvinnherad skal redusera skilnadar og bli ein meir rettferdig kommune. Me skal ha ein kommune med god fastlegedekning, godt utbygd offentleg tannhelsetilbod, framleis gratis skulefritidsordning, og ein kommune med gode utbygde velferdstenester som visar at fellesskapet er der for kvar og ein av oss dersom jobben ryk eller helse skrantar. Kvinnherad kommune må bidra til å redusera skilnadane i samfunnet og styrka velferda. Forskjellane i makt og rikdom skal ned!

## SV vil:

- Gratis SFO. Me skal framleis ha gratis SFO for alle barn i heile kommunen.
- Gode oppvekstkår. Me skal jobba med førebygging og ikkje brannsløkking. Auka grunnbemanning i barnehage og skule.
- Skulemat. Me skal ha varme måltid kvar dag i heile grunnskulen.
- Auka sosialhjelpssatsar. Ingen kjem i arbeid av å vere fattig.
- Heile og faste stillingar. Me skal rigga kommunen for framtida og gje eit tilbod om heile og faste stillingar. Kvinnherad kommune skal vere ein frisona for velferdsprofitørar- ja til eigne tilsette! Det skal vere arbeid til alle i Kvinnherad.
- Ein verdig alderdom. Auka grunnbemanning på sjukeheimane og i heimesjukepleie.
- Lågterskeltilbod innan rus- og psykisk helsevern. Arbeida for at det er nok tilsette til å følgje opp dei som har trong for lågterskeltilbod innan psykisk helsevern og oppretthalda aktivitetstilboda knytt til denne tenesta.

## Klima, natur og miljø

Skilnadane aukar og verda opplev ei akutt klima- og naturkrise. Difor må me løysa klimakrisa og stansa nedbygginga av natur og dyrka mark. SV har ein plan for korleis me kan få dette til på ein rettferdig måte. Me har lagt fram ein plan for å kutta klimautslepp, bygga opp nye næringar, sikra arbeidsplassar og dela godane for å få ned dei økonomiske skilnadane.

Det er berre gjennom å ta klimautfordringane på alvor, gjennom å innføra nye, grønne oppgåver til industrien, arbeidslivet og næringslivet vårt at vi kan ruste Noreg for framtida. Dersom me ikkje handlar no vert me altfor oljeavhengig og legg difor grunnlag for arbeidsløyse og industridød.

## SV vil:

- Bidra til at Noreg når klimamåla. Me skal kutta i utsleppa i vår kommune slik at me når dei norske klimamåla for 2030.
- Satsa på grøn utbygging. Me skal sikra arbeidsplassar og investeringar i grøn teknologi, industri og energi. Særskild fokus på grøn næringspark.

- Ta vare på naturen. Me skal ikkje bygga ned natur i Kvinnherad. Tapet av naturmangfald skal stanses gjennom meir vern og nei til naturøydeleggjande utbyggingar. Me vil verna den funksjonelle strandsona. Me seier ja til natur og nei til vindkraft i Kvinnherad.
- Me skal arbeida for ein rein Hardangerfjord.
- Bygga ut kystnære turstiar
- Ikkje byggja ut Klosterneiset
- Nytt klimabudsjett knytt til investeringar og drift
- Sikra det biologiske mangfaldet i kommunen
- Sei nei til utbygging av vindkraft
- Kommunal tilskotsordning for solceller
- Syta for solceller på alle nye kommunale bygg
- Fleire ladepunkt for elbilar

Kvinnherad kommune er ein god kommune å bu i. Kommunen vår har store naturressursar og rikdom frå sjø, jord, fjell og fjord. Me har gode inntekter og moglegheit til å disponera inntektene våre slik at det kjem innbyggjarane til gode. Dersom me har ein berekraftig forvaltning og felles eigarskap kan naturen fortsetta å gje oss mat, arbeidsplassar og gode opplevingar i framtida. For å auka folketalet i kommunen vår må me ta vare på det gode liv i Kvinnherad.

Å løysa klimakrisa og stansa nedbygging av natur og dyrka mark er avgjerande for livsgrunnlaget på jorda. Rapportane frå Klimapanelet og Naturpanelet må liggja til grunn for løysingane. SV vil styrkja innsatsen for å ta vare på truga natur. Me må følgja opp dei internasjonale pliktene til Noreg, sikra naturmangfaldet gjennom meir vern, stoppa øydelegging av naturen og restaurera natur. Det er ikkje noko anten eller når det kjem til klima eller natur. Det er begge deler.

## Landbruk og jordvern

Det må lønna seg å bruka lokale ressursar som beite og utmark. Det må bli betre vilkår for å dyrka grønsaker, frukt og bær, og me må stimulera til investering og drift på dei små og mellomstore bruka. Eit styrkt landbruk er avgjerande for busetting i alle delar av Kvinnherad. Store jordbruksareal går ut av drift, og jordbruket si rolle i distriktsbusettinga minkar. I Vestland er over 20 prosent av jordbruksarealet ute av drift.

Framtidig landbrukspraksis må byggja jord, vera naturvenleg, regenerativ og karbonbindande. Me må produsera ein større del av vår eigen mat, og stoppa nedbygginga av matjorda og attgroinga av kulturlandskapet. Koronapandemien har lært oss at Noreg må auka graden av sjølvberging både på mat og anna. SV vil verna eit aktivt og berekraftig landbruk tilpassa naturen og ressursgrunnlaget i heile landet. Slik kan det norske landbruket vera ei av drivkreftene i det grøne skiftet. Bøndene må sikrast ei lønn å leva av. Matjorda

treng eit sterkare vern for å produsera god, trygg og kortreist mat, forankra i landskap og naturressursar . Mykje av matjorda i Noreg er ramma av nedbygging. Noreg har samla sett 3 % dyrka mark. Ved å ta vare på norsk jord sikrar vi oss landet sine evner til å produsera mat i dag, men og til framtidige generasjonar.

#### **SV vil:**

- Legga til rette for bustadbygging, industri og veg utan bruk av dyrka mark.
- Ha ein kommunal tilskotsordning for bønder som er i etableringsfase og i ein omorganisering, slik at me kan bidra til at fleire bønder etablerer seg for framtida.
- Kombinasjonsbruk med solceller og landbruk

### **Samferdsel og tettstadutvikling**

Vestland fylke har store utfordringar med vegnettet, noko som er til hinder for god og trygg transport for innbyggjarar og næringsliv. Kvinnherad har vanskelege kommunikasjonsforhold med låg vegstandard og mange utrygge vegar. Dette hemmar verdiskapinga og arbeidet for å nå klimamåla våre.

Me er også ein rasutsett kommune og klimaendringane vil gjere dette verre. SV har som politikk å gje gode bruksvegar med gul stripe i heile kommunen og ta igjen det store etterslepet på vedlikehaldet av vegnettet. SV vil prioritere vedlikehald og rassikring.

SV vil gjera det lettare å reisa miljøvennleg gjennom meir sykling, gange og betre kollektivtilbod. Me vil satsa på eit godt og regelmessig buss-, ferje- og båttilbod, og at klimagassutsleppa frå buss og båt skal kuttast på lik linje med ferjene.

#### **SV vil:**

- Prioritera trygge bruksvegar med gul midtstripe
- Satsa på rassikring av utsette strekningar.
- Auka avgangar kollektivtransport i heile kommunen og ut av kommunen
- Kollektivtilbod skal vera eit reelt val for arbeidande
- Satsa på pilot «hent meg» busstilbod på Husnes
- Kollektivknutepunkt ved Undarheim skule på Husnes og busstopp langs Opsangervegen
- Me vil arbeida for ruter som knytt regionsenter i Kvinnherad saman med regionsenter i Ullensvang og Stord
- Samanhengande sykkelvegar frå Sandvoll til Løfallstrand
- Arbeida for Fjordmetro
- Hyppigare avgangar med båt og ferje

## Rettferd, mangfald og utvikling

Eit organisert arbeidsliv med sterke fagforeiningar, faglege rettar og tariffavtalar er avgjerande for å utjamna maktforholda i arbeidslivet og hindra utnytting av arbeidsfolk. SVsitt mål er arbeid til alle. I eit rettferdig og demokratisk samfunn skal alle ha like moglegheiter og rettar til å kunna leva frie og sjølvstendige liv. Å byggja eit samfunn for alle handlar om å aktivt fremja menneskerettane og samstundes kjempa mot alle former for diskriminering. Antirasisme, Pride og eit ressursorientert syn på mangfald, må vera førande for Kvinnherad si verksemd på alle felt. SV vil ha eit inkluderande arbeids- og samfunnsliv og ser på mangfaldet som noko som gjer fylket vårt rikare!

### SV vil:

- At Kvinnherad kommune skal vere ein romsleg, open og inkluderande kommune. Me skal arbeida for å hindra diskriminering og hets retta mot personar og grupper grunna deira etnisitet, religion, livssyn, funksjonsevne, alder, kjønnsidentitet og økonomi.
- At me skal ha ein føreseieleg integreringspolitikk i Kvinnherad. Me skal ha ein robust og god fagkompetanse i kommunen vår. For å sikre dette skal me ha langtidsvedtak på busetjing av flyktningar. Integreringstilskotet skal gå direkte til arbeid med flyktningar.
- Sikra at Kvinnherad kommune er ei frisona for velferdsprofitørar.
- Ja til faste og heile stillingar
- At me skal ha ein god bustadpolitikk i Kvinnherad. For at alle skal ha like moglegheiter på bustadmarknaden skal me arbeide for at fleire får startlån frå Husbanken. Fleire skal få tilbod om leige-eige. Kommunale bustadar skal ikkje driva opp prisen på den private marknaden. Me vil arbeida for makspris på kommunal leigebustad.
- Bygga fleire bufellesskap for personar som ikkje kan bu for seg sjølv

## Barn og unge

SV ønskjer at eit heilskapleg fokus skal leggjast til grunn for utdanningstilboda i kommunen. Idear om prestasjonar, effektivitet og konkurranse må bli møtt med idear som like moglegheiter for alle og høve til sjølvstendig vekst på eigne premissar. Elevar må få tid, rom og tilpassingar til å utvikla seg sjølve og sine eigne vegval, med hjelp av trygg og god rettleiing av lærarar, rettleiarar og andre tilsette. Dei tilsette må på si side også få tid og handlingsrom til å prioritera nettopp dette.

### SV vil:

- Sikra alle elevar ei god skulehelseteneste gjennom tilstrekkelege ressursar til helsesjukepleiarar, og prioritera miljøarbeidarar i arbeidet for eit godt skulemiljø.
- Sikra alle elevar kvalifiserte lærarar i alle fag.
- Styrke kompetansen blant tilsette for å sikre eit trygt og godt skulemiljø utan mobbing og utanforskap.

- Stilla krav til lærarkompetanse for dei som skal gje opplæring for elevar med rett til særskilt tilrettelagt opplæring/spesialundervisning.
- At alle elevar i grunnskulen får skulemat
- At me har ein leksefri skule i Kvinnherad
- Sikra at me framleis har gratis SFO
- Styrka grunnbemanning i barnehage, skule og barnevern
- Oppretta fleire forsøk med heildagsskule i Kvinnherad

## Ein verdig alderdom

Me må skapa ein verdig alderdom for alle, uavhengig av størrelse på lommeboka. Det betyr at ein må leggja til rette for at dei som ynskjer det skal bu heime lengst mogleg. Eit av tiltaka me vil satse på er auka bruk av velferdsteknologi. Alle eldre som treng det skal ha rett til eit verdig omsorgstilbod i kommunal regi. Tilbodet må vere individuelt tilpassa. SV seier nei til alle former for privatisering. Det må vere nok hender på jobb.

### SV vil:

- Auka grunnbemanning i heimesjukepleie og på sjukeheimane
- Legga til rette for gode sjukeheimsplassar for dei som har behov for dette
- Arbeida for at Kvinnherad kommune ikkje skal nytta stoppeklokkeomsorg
- Kommunen må leggja til rette for at det er teleslynge i kommunale bygg

## Kommunen som arbeidsgjevar

Me skal arbeida for at Kvinnherad kommune vert ein attraktiv og spennande arbeidsgjevar. For å nå dette målet må me ha fokus på heile stillingar, god personalpolitikk, moglegheiter for kompetanseutvikling og konkurransedyktig lønn.

Vikarbyrå skal ikkje nyttast til å utøva kommunale tenester. Dette gjeld innan barnevern, barnehage, skule, lege og sjukeheimane. For å hindre dette er det viktig at Kvinnherad kommune har gode arbeidsvilkår. Me må ha fokus på sjukefråvær og arbeida aktivt for å ha eigne vikarpoolar for dei som ynskjer å arbeide slik.

### SV vil:

- Alle som vil ha det skal ha heile stillingar
- Sørja for at ansatte skal ha anledning til å heva kompetanse
- Oppretta vikarpool i helse- og omsorg, og oppvekst
- Fjerne behovet for vikarbyrå
- Nyttja konkurransedyktig lønn for å redusera bruken av innleige

## **Klimavennleg næringspolitikk**

Kvinnherad kommune har nærleik til havet, kysten, sterke kunnskapsmiljø og bedrifter med stor grad av innovasjon som gjer at vår kommune vert viktig i det grønne skiftet. Maritim sektor, fiskeri og oppdrettsnæring står framfor store utfordringar og SV sitt mål må vera at desse vert meir berekraftige.

SV går inn for at all nærings- og arbeidsplassutvikling i Kvinnherad skal vera i tråd med behovet for grøn omstilling. Samfunnsutviklinga skal vera politisk styrt og ønskt etter ein langsiktig og systematisk plan, i tråd med naturgjevne føresetnadar. Det skal leggjast til rette for gode levevilkår og arbeidsplassar i heile kommunen. Me skal byggja nye næringar og sikra sysselsetjinga, kutta klimagassutslepp og sikra naturmangfaldet, redusera sosiale forskjellar og styrkja velferda.

Dette føreset at alle delar av samfunnet blir involverte. For å omstillast økonomien trengst det store investeringar i nye næringar, fornybar energi og infrastruktur. Dette skal skje på naturen sine premisser.

### **SV vil:**

- Arbeida for at Kvinnherad kommune saman med forskning, forvaltning og næring etablerer Hardangerfjorden som eit nasjonalt pilotområde for grøn omstilling i havbruksnæringa med fleire funksjonar og arbeidsplassar innan forskning, utdanning, forvaltning og grønt havbruk.
- Aukar satsing på grøn næringspark i Kvinnherad

## **Kultur for alle**

Alle, uavhengig av økonomisk, sosial, kulturell eller etnisk bakgrunn og alder, skal få moglegheit til å delta i, skapa og oppleve kunst og kulturuttrykk, uavhengig av kor i kommunen ein er busett. Folk sin økonomi eller helse skal ikkje vera eit hinder for å ta del i kulturlivet, anten det er som utøvar eller tilskodar. Kvinnherad har eit yrande kulturliv, heilt avhengig av frivillige lag og økonomiske bidrag frå stiftingar. Me skal arbeida for at kultur også vert satsa på i kommunal regi.

Kulturlivet i Kvinnherad er eit stort trekkplaster for distriktskommunane. Kultur er det som kan vera tunga på vektskåla for dei som vurderer å flytta til kommunen. Eit godt kulturtilbod vil gjera kommunen meir attraktiv.

### **SV vil:**

- Sikra nok midlar til å vedlikehalda verna kulturbygg.
- At bokbussen og Kvinnherad bibliotek har gode vilkår for å oppretthalda eit tilbod for heile kommunen
- At kulturskulen skal vere tilgjengeleg for alle

- At me aukar satsinga på kultur i kommunen
- Kulturkonsulenten sitt budsjett skal aukast

## **Idrett og folkehelse**

Alle skal ha eit godt helsetilbod, uansett kor dei kjem frå eller kor mykje ein tener. God helse i aller høgaste grad eit klassespørsmål. SV vil kjempa imot dei urettferdige helseforskjellane og leggja til rette for likeverdige tilbod. God folkehelse er avhengig av at det er enklare å vere i fysisk aktivitet og ete sunt, at ein kan leva liv utan vald og at me har inkluderande og kortreiste nærmiljø og lokalsamfunn utan forureining. Eit breitt spekter av folkehelseiltak der menneske får høve til å vera aktive, driva rekreasjon og møta andre menneske, verkar både helsefremjande og førebyggjande. Difor treng me gode nærmiljø, tilgang på friluftsområde og parkar.

### **SV vil:**

- Satsa vidare på idrett og legg til rette for at ulike idrettsgreiner kan veksa og gje eit fullverdig tilbod til alle i Kvinnherad.
- Arbeida for at det skal vera gratis for alle barn å driva idrett
- Fysioterapeut med spesialisering i kvinnehelse

## **Attraktivt Kvinnherad**

Kvinnherad skal vera ein kommune som er attraktiv å bu, veksa opp, og leva i. Arbeid, bustad, grunnskule og omsorgstenester er føresetnaden, men ikkje nok for at folk skal velga Kvinnherad over andre kommunar.

Tilbod om høgare utdanning og godt utvikla kulturtilbod er viktig for dei unge, og for å halda på dei. Om valet står mellom Husnes, Karmøy eller Odda, så er det livet utanom jobb og kvardag som er avgjerande. Det er kva som skjer elles. Er det gode uteplassar, er det kjekke kulturarrangement, er det noko meir enn berre det grunnleggjande?

### **SV vil:**

- Styrka studiesenteret og arbeida for å få på plass ein høgskule for prosessindustrien i Kvinnherad
- Byggja ny svømmehall på Husnes
- Styrka kulturtilboda i heile kommunen